

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 12.02.2020, kl.14.00  
Møtestad: møterom 2. etasje, rådhuset.

Møtet vart leia av: Leonhard Vårdal

Elles til stades: Petter Hole-Drabløs, Kjellaug Roald og Grethe Melseth .

Hadde meldt forfall: Torbjørg Midtgård. Ingen vara hadde høve til å møte.

**= 4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend.

---

**Sak 01/20 Meldingar.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

**Sak 02/20 Godkjenning av møtebok frå møte 13.11.2019.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 13. november 2019

**Sak 03/20 Bestilling av overordna analyse- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltingsrevisjon.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Sykkylven bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafør ei ramme på inntil 100 timar.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

**Sak 04/20 Frå kommunerevisjonen: oppsummering etter interimsrevisjon 2019.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

**Sak 05/20 Frå kommunerevisjonen: rapport etter forenkla etterlevingskontroll.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sykkylven kontrollutval tek rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

**Sak 06/20 Årsrapport 2019 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap for Sykkylven kommune.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

**Sak 07/20 Årsmelding for Sykkylven kontrollutval 2019.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga 2019 og sender den over til kommunestyret som melding.

**Eventuelt:**

På neste møte 26. mars 2020 ønskjer kontrollutvalet å invitere rådmann til møte. Utvalet forventar ei oppdatering på dei høva som kom fram i sak KU 04/20 og KU sak05/20. Dette gjelder oppdatering av kommunen sitt finansreglement og arbeidet med IKT sikkerheit.

Møtet var slutt kl. 15.15

Leonhard Vårdal  
Leiar  
(sign.)

Petter Hole-Drabløs  
nestleiar  
(sign.)

Kjellaug Roald  
medlem  
(sign.)

Grethe Melseth  
medlem  
(sign.)